



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Marianne Soleng	Arkivkode:	FE-000, TI-&00
Arkivsaksnr:	15/344	Løpenr:	15/3679
Sakstype:	Politisk sak		

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	20.05.2015	007/15	MS

HØYRING - FORSLAG OM ENDRINGAR I HELLIGDAGSLOVEN FOR Å TILLATA SØNDAGSOPNE BUTIKKAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråing frå rådmann.

20.05.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Bodil H. Øpstebø (Krf), Monica Tjønna (Sp), Birthe Skar-Moum (Ap) og Anja Marken (Bl) orienterte i den innleiande debatten om at dei var imot regjeringa sitt forslag om søndagsopne butikkar, og at dei håpa at kommunestyret kunne koma fram til eit felles framlegg. Etter den innleiande debatten vart det gjennomført gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Birthe Skar-Moum fram følgjande framlegg til vedtak, på vegner av seg sjølv, Bodil H. Øpstebø, Anja Marken og Monica Tjønna (Skar-Moum bad om at administrasjonen sørger for å retta opp eventuelle skrivefeil og feil i rekkefølgja på avsnitta i framlegget):

Samnanger kommune uttalar seg slik til Kulturdepartementet sitt forslag om endringar i helligdagslova for å tillata søndagsopne butikkar:

Verken arbeidsgjevarar, arbeidsorganisasjonar, arbeidstakrarar eller arbeidstakarorganisasjonar ønskjer søndagsopne butikkar. Studiar som har vorte gjort viser at søndagsopne butikkar vil føra til, blant anna, dyrare mat og til at rundt 20 000

arbeidstakrar vil mista jobbane sine. Opnar ein opp for ei lemping av helligdagslova og tillet søndagsopne butikkar, opnar ein og opp for at resten av arbeidslivet vil følgja på. Dette vil kunne få store, negative konsekvensar for familiar og heile vårt samfunn.

Forslaget vil bidra til auka klimagassutslepp, på grunn av auka varetransport, fleire arbeidsreiser og oppvarming. Butikktilsette, vektarar, vedlikehaldsarbeidarar, reinhaldarar, sjåførar og lagerarbeidarar vert alle berørte. I sum vil CO2-utsleppa auka kraftig når fleire hundre tusen arbeidstakrar og konsumentar skal jobba og handla ein ekstra dag.

Samnanger kommune ønskjer eit fortsett vern av kristne og humanistiske tradisjonar der kviledagen er sentral.

Samnanger kommune ønskjer at dagens ordlyd i helligdagslova skal bestå uendra.

Samnanger kommune vil understreka betydninga av at søndagen vert behalden som en annleis dag, og meiner at unntaksreglane i helligdagslova § 5 dekkar dei viktigaste behova for salsverksemd på heilagdagane.

Samnanger kommune vil uttrykkja si bekymring for livsgrunnlaget til mindre butikkar i distrikta, som vil oppleva auka konkurransen frå større handelssenter med et breiare vareutval og større kundegrunnlag.

Samnanger kommune ønskjer ikkje eit lovforslag der kommunane vert tillagt avgjerdsmynde for å tillata søndagsopne butikkar, ei slik ordning kan føra til ulikskap mellom kommunar med uheldig konkurransevriding som resultat.

Samnanger kommune ønskjer eit forsvarleg og ivaretakande arbeidsliv, og meiner at søndagsopne butikkar vil bidra til det motsette.

Framleggget vart samrøystes vedteke.

KS-007/15 VEDTAK:

Samnanger kommune uttalar seg slik til Kulturdepartementet sitt forslag om endringar i helligdagslova for å tillata søndagsopne butikkar:

Verken arbeidsgjevarar, arbeidsorganisasjonar, arbeidstakrar eller arbeidstakarorganisasjonar ønskjer søndagsopne butikkar. Studiar som har vorte gjort viser at søndagsopne butikkar vil føra til, blant anna, dyrare mat og til at rundt 20 000 arbeidstakrar vil mista jobbane sine. Opnar ein opp for ei lemping av helligdagslova og tillet søndagsopne butikkar, opnar ein og opp for at resten av arbeidslivet vil følgja på. Dette vil kunne få store, negative konsekvensar for familiar og heile vårt samfunn.

Forslaget vil bidra til auka klimagassutslepp, på grunn av auka varetransport, fleire arbeidsreiser og oppvarming. Butikktilsette, vektarar, vedlikehaldsarbeidarar, reinhaldarar, sjåførar og lagerarbeidarar vert alle berørte. I sum vil CO2-utsleppa auka kraftig når fleire hundre tusen arbeidstakrar og konsumentar skal jobba og handla ein ekstra dag.

Samnanger kommune ønskjer eit fortsett vern av kristne og humanistiske tradisjonar der kviledagen er sentral.

Samnanger kommune ønskjer at dagens ordlyd i helligdagslova skal bestå uendra.

Samnanger kommune vil understreka betydninga av at søndagen vert behalden som en annleis dag, og meiner at unntaksreglane i helligdagslova § 5 dekkar dei viktigaste behova for salsverksemd på heilagdagane.

Samnanger kommune vil uttrykkja si bekymring for livsgrunnlaget til mindre butikkar i distrikta, som vil oppleva auka konkurranse frå større handelssenter med et breiare vareutval og større kundegrunnlag.

Samnanger kommune ønskjer ikkje eit lovforslag der kommunane vert tillagt avgjerdsmynne for å tillata søndagsopne butikkar, ei slik ordning kan føra til ulikskap mellom kommunar med uheldig konkurransevriding som resultat.

Samnanger kommune ønskjer eit forsvarleg og ivaretakande arbeidsliv, og meiner at søndagsopne butikkar vil bidra til det motsette.

Dokument som er vedlagt:

Lov om helligdager og helligdagsfred

Høring- forslag om endringer i helligdagsloven .pdf

Høring – forslag om endringer i helligdagsloven

Høringsnotat søndagsåpne butikker -27.mars 2015

Helligdagsloven (L)(1055307) (2)

Kva saka gjeld:

Høyringa vart referert i utvalet for oppvekst og omsorg i møte 14.04.2015.

Utvælet drøfta saka og bed om at kommunestyret svara på høyringa. Fristen er 30.06.2015.